

NORGES BONDELAG



Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Vår sakshandsamar
Hildegunn Gjengedal
+47 90 51 83 79

Vår dato
11.12.2014
Dykkar dato
04.11.2014

Vår referanse
13/00511-4
Dykkar referanse

Høyring - forslag til endringar i forskrift om administrative tollnedsettingar og i forskrift om fordeling av tollkvotar for landbruksvarer

Norges Bondelag takkar for moglegheita til å gi innspel til denne høyringa.

Når det gjeld forslaget om å moglegheit for å søke om tollkvotar og individuelle tollnedsettingar for import av kjøtt frå dyr som er slakta i tråd med religiøse tradisjonar, er Norges Bondelag kritiske til at ein på denne måten legg til rette for import av kjøtt som er produsert på ein måte som strir imot norske dyrevelferdsreglar. Vi viser til Nortura sitt høyringssvar for utdjupeing av dette temaet. Vi er også kritiske til at kjøttet skal innførast i hovudsak gjennom tollfrie kvotar. Norsk prisnivå må leggast til grunn. Sjølv om dette dreier seg om små kvantum, ville denne typen kjøtt på sikt kunne legge press på norsk kjøtt produsert på ein dyrevelferdsmessig forsvarleg måte. Når dette kjøttet heller ikkje er merka spesielt, vil forbrukaren ikkje kunne ta eit informert val.

Når det gjeld forslag om endring i tollnedsetting for salat meiner Norges Bondelag det vil vere fornuftig å splitte opp tollsatsen for hovudsalat og isbergssalat, så lenge dette styrker tollvernet for salatane. Vi viser til Garnerhallen sitt høyringssvar på dette punktet. Norges Bondelag er likevel negative til å setje ned tollsatsane til ein minimumssats for begge salattypene i periodar utan eller med lite norsk vare. Dette kan føre til ein stor prisskilnad mellom salat i og utanfor norsk sesong, og vil derfor kunne føre til mindre sal av norsk salat i sesong, og meir bruk av substitutt i form av sal av andre ikkje-norskproduserte salattypar.

Med venleg helsing

Elektronisk godkjent, uten underskrift

Anne Thorine Lundstein

Hildegunn Gjengedal

Bondelagets Servicekontor AS

Postadresse: Postboks 9354 Grønland 0135 OSLO	Besøksadresse: Landbrukets Hus, Schweigaardsgate 34 C 0191 OSLO	Tlf: 22 05 45 00	E-post: bondelaget@bondelaget.no
Norges Bondelag Bondelagets Servicekontor AS	Org.nr.: 939678670 Org.nr.: 985063001 MVA	Bankkonto: 8101.05.12891 Bankkonto:: 8101.05.91392	Internett: www.bondelaget.no

Vår dato
11.12.2014

Vår referanse
13/00511-4
